

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
073/19	Formannskapet	16.10.2019
078/19	Kommunestyret	16.10.2019

Saksbehandlar: Johannessen, Ingrid
Sak - journalpost: 19/4915 - 2019019783

Kommunedelplan E134 Bakka - Solheim - forlenging av bandleggingssona

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vindafjord kommune søker Fylkesmannen om å forlenge omsynssone bandlegging med 4 år frå 20.10.2019 for arealet som inngår i kommunedelplan E134 mellom Solheim og fylkesgrensa mellom Rogaland og Vestland.

16.10.2019 Kommunestyret

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedtatt (med 23 røyster).

KS-078/19 Vedtak:

Vindafjord kommune søker Fylkesmannen om å forlenge omsynssone bandlegging med 4 år frå 20.10.2019 for arealet som inngår i kommunedelplan E134 mellom Solheim og fylkesgrensa mellom Rogaland og Vestland.

16.10.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

FS-073/19 Vedtak:

Tilråding frå Formannskapet:

Vindafjord kommune søker Fylkesmannen om å forlenge omsynssone bandlegging med 4 år frå 20.10.2019 for arealet som inngår i kommunedelplan E134 mellom Solheim og fylkesgrensa mellom Rogaland og Vestland.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Plan- og bygningslova

Saka gjeld:

Kommunedelplan for E134 mellom Bakka i Etne kommune og Solheim i Vindafjord

kommune.

Saksopplysningar:

Arealet som inngår i Kommunedelplan for E134 Bakka – Solheim i kommunane Etne og Vindafjord er sett av med omsynssone bandlegging. Sona er i snitt 50 m brei på kvar side av veglina og omfattar i tillegg planlagte kryssløysingar, sjå vedtatt plankart og føresegner. Denne bandlegginga varer i utgangspunktet i 4 år, men kan forlengast med ytterlegare 4 år.

Kommunestyret fatta følgande vedtak i sak 070/15 den 20.10.2015:

«Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vert framlegg til kommunedelplan for E134 mellom Solheim og fylkesgrensa mellom Rogaland og Hordaland vedteke slik:

- 1. Vindafjord kommune vedtar Statens vegvesenet si tilråding for val av trasé for ny E134 gjennom Vindafjord kommune, alternativ VA-II-baa med veglinje gjennom Vatnedalen og kort tunnel ved Eikesdal, samt VB-I-c med samla kryssløysing og linje i dagen ved Oppheim. Vegstandard på strekninga gjennom Vindafjord skal vere H5.*
- 2. Vindafjord kommune vedtar vegvesenet si tilråding når det gjeld plassering av følgande kryss: Planskilte kryss ved Nedre Austreim, Ølensvåg, Ølen (samla løysing) og Fikse.*
- 3. Vindafjord kommune vedtar føresegner og retningsliner slik dei ligg føre.*
- 4. Vindafjord kommune ber Statens vegvesen om, i seinare reguleringsplanarbeid, å ta generelle omsyn til jordvern og finne løysingar for erstatningsjord så langt som råd er og særskilt ta omsyn til kulturminna ved Eide gard.*
- 5. Vindafjord kommune ber Statens vegvesen om å finne ei løysing langs dagens E134 for mjuke trafikantar frå Solheim til Nedre Austreim.»*

Bandleggingssona er heimla i plan- og bygningslova § 11-8 d). Frist for å søkje om forlenging av omsynssone bandlegging går med andre ord ut 20.10.2019. Omsynssone bandlegging blir nytta i påventa av vedtak etter plan- og bygningslova eller andre lover, i dette tilfelle i påvente av vedtatt reguleringsplan. Bandlegginga kan forlengast med søknad til Fylkesmannen (delegert ved rundskriv T-2/09).

I det følgande er utdrag frå lovkommentaren til plan- og bygningslova og frå rettleiar til kommuneplanens arealdel:

I Pbl § 11-8 d) står følgande: Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet.

Båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover er tidsbegrenset til fire år, men kan etter søknad til departementet forlenges med fire år.»

Vidare står det følgande:

«Der vedtaket om båndlegging fattes etter plan- og bygningsloven for å følges opp med vedtak etter andre lover eller reguleringsplan, er i utgangspunktet virkningen av selve båndleggingsvedtaket tidsbegrenset til fire år. Departementet kan etter søknad forlengje båndleggingsperioden i ytterligere fire år hvis det foreligger tilstrekkelig gode grunner for det. Behov for nødvendig arealbruksstyring i perioden fram til særlovsvedtak foreligger, er normalt en tilstrekkelig begrunnelse.»

I rettleiar til kommuneplanens arealdel står det vidare:

«Søknad om forlengelse må i utgangspunktet vedtas av kommunestyret eller formannskapet. Et eventuelt planutvalg kan på delegert myndighet likevel avbryte forlengelsesfristen, men søknaden må i så fall deretter bekreftes av kommunestyret eller formannskapet. Søknad om forlengelse må være sendt før fire-årsfristen går ut. Berørte bør varsles om forlengelse.

Hvis båndlegging utløper uten at det er vedtatt reguleringsplan eller fattet vedtak etter annen

lov som forutsatt da båndleggingen ble vedtatt, må området i utgangspunktet tas opp til ny planlegging for å få styring på arealbruken. Det aktuelle området kan ikke umiddelbart legges ut til båndlagt område på nytt. Hvis området skal båndlegges på nytt, må formålet for båndleggingen være forskjellig fra forrige gang.»

I føresegnene til kommunedelplanen § 3.1 står følgende:

«Omsynssoner

§ 3.1.

Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslo-ven eller andre lover, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet. (Pbl. § 11-8 d)

Området innan omsynssona skal bli regulert til tofelts veg med forbikørings-felt der det er naudsynt, med tilhørende tilførselsveger, lokalveger, vegkryss, gang- og sykkelveger, rasteplassar og kontrollplassar. Innan omsynssona kan det ikkje bli gjort tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskelegare eller dyrare. Tiltak på terrengnivå over tunnel minimum 50 m innan tunnelportalane er lov. Tiltak under terrengnivå som kan gjere etable-ring eller drift av tunnelane vanskelegare eller dyrare er ikkje lov.»

Med bakgrunn i gjeldande lovverk og tidlegare vedtak må omsynssona for bandlegging søkjast om å bli forlenga, og det må skje innan fristen. Med andre ord må nytt vedtak om å oppretthalde bandlegginga fattast, og det må sendast søknad til Fylkesmannen for godkjenning.

Vurdering:

Rådmannen har vore av den oppfatning at Statens vegvesen ville initiere ei ev. sak om forlenging av bandleggingssona. Dei blei gjort merksam på situasjonen i kontaktmøte 5. september 2019 og i e-post frå einingsleiar Areal og forvaltning 12.09.2019. På grunn av tidsfristar ser rådmannen behov for å få saka opp nå. Rådmannen har vore i dialog med Etne kommune, som har førebudd ei tilsvarande sak for politisk behandling.

Regelverket seier at «berørte bør varslast om forlengelse». Rådmannen har ikkje sendt varslingsbrev direkte til kvar grunneigar, men har varsla på same vis som ved utarbeiding av kommunedelplan/kommuneplan. Saka er varsla med annonse i Grannar og meir detaljert informasjon er lagt ut på kommunen si nettside

<https://www.vindafjord.kommune.no/kunngjering/e-134-bakka-solheim-kommunedelplan.474011.aspx>

I samband med søknad om forlenging av bandleggingssona, blir det ikkje opna for innspel. Underliggende arealformål i bandleggingssona, blir ikkje behandla i denne omgang. Innspel som handlar om arealbruk vil få si behandling i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Dette arbeidet startar opp i 2020.

Omsynssone bandlegging er nytta for å sikre at det ikkje blir gjort tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskelegare eller dyrare. Kommunen har behandla nokre få saker innanfor bandleggingssona dei siste åra. Desse sakene er behandla som dispensasjonssøknader og er sendt Statens vegvesen til uttale.

Ny E134 på strekninga Bakka - Solheim kom ikkje med i Nasjonal transportplan, NTP 2018–2029. Av den grunn blei det heller ikkje sett av midlar til å starte reguleringsplanarbeidet i gjeldande NTP. I arbeidet med gjeldande NTP kom det fram i Statens vegvesenet sine vurderingar at ny 134 mellom flyplassen på Karmøy og Oslo er eit svært samfunnsøkonomisk prosjekt. Det er heilt avgjerande for samfunnsutviklinga at det er ein

effektiv vintersikker veg sør for Hardangervidda. Ny E134, med arm til Bergen, vil vere det økonomisk klart beste traseen og den mest framtidsretta korridoren mellom vest og aust. Det er avgjerande både når det gjeld sikkerheit, kostnad og klima for vareleveranser, og ikkje minst eit utvida arbeidsmarknad for å nå kompetansen industrien har behov for.

I gjeldande NTP kom strekninga Bakka-Solheim med, berre som ein merknad som ein viktig og plankavklart strekning. Det viktigaste arbeidet politisk dei siste åra og vidare i innspurten nå i kommande år har vært og er å få utbygginga av E134 inn i neste NTP. For å få full samfunnsøkonomisk effekt må armen til Bergen vera med. Det er mange delstrekningar som er viktige, men det er først når alle utbyggingane er på plass at me får ut den store samfunnsøkonomiske nytten. Det har vært arbeidd godt med dette lokalpolitisk, i heile regionen, i landsedelen og langs heile strekninga. Som delprosjekt er nye tunellar mellom Seljestad og Vågsli prioritert som det viktigaste prosjektet nå. Den stadig aukande stenginga på vinterstid, med påfølgjande lange omkøyringsveggar, fører til stor usikkerheit og ekstra kostnader for næringslivet. Dette kan få konsekvensar for kvar næringslivet vel å etablere seg.

God infrastruktur er livsnerven i både bedrift og samfunnsutvikling. Det vil vere avgjerande at Haukelivegen med tilhøyrande prosjekter vert prioritert og utbygd i eit større tempo enn i dag. Bandleggingssona sikrar at denne delstrekninga for den mest effektiv traseen mellom vest og aust let seg byggja.

Oppsummering

Det er framleis behov for ei arealbruksstyring fram til eit vedtak om reguleringsplan ligg føre. Dette behovet vil vere grunngeving for søknaden om forlenga bandlegging. Bandlegginga kan ikkje fornyast ved ytterlegare søknad, slik at den maksimale bandleggingstida vil vere 4+4, dvs 8 år. Rådmannen meiner Vindafjord kommune må søkje om å forlenge omsynssone bandlegging i kommunedelplan for E134 Bakka – Solheim.

Vedlegg:

E 134 - plankart Vindafjord
Føresegner vedtatt 20.10.2015
Vedtak K. sak 070-15